



# 2016

Statistikk over norske  
pengespel og lotteri

Annual statistics report from  
The Norwegian Gaming  
and Foundation Authority

## Norske pengespel **2016** Gaming in Norway



Lotteri- og  
stiftelsestilsynet



# Innhold

Føreord.....	4
1. Samandrag.....	5
2. Endring i omsetning.....	13
3. Norsk Tipping AS.....	15
4. Norsk Rikstoto.....	25
5. Digitale plattformer.....	28
6. Bingo.....	30
7. Andre lotteri.....	34
8. Spel på skip mellom norsk og utanlandsk hamn.....	37
9. English summary.....	38
10. Vedlegg.....	41

# 102 milliardar til gode formål på 17 år

Målt i 2016-kroner har Lotteritilsynet for speleåra frå 2000 til og med 2016 rapportert om totalt 102 milliardar til formål. Dette omfattar alle årsstatistikkane som Lotteritilsynet har utarbeidd sidan vi vart etablert i byrjinga av 2001.

Det er fem kategoriar av formål som gjennom åra har motteke i overkant av 90 prosent av desse midlane. Idretten nærare 40 prosent, kulturområdet i overkant av 20 prosent, hest og hestesporten, helseorganisasjonar (t.d. Kreftforeningen) samt humanitære organisasjonar (t.d. Røde Kors) med om lag 10 prosent kvar.

I 2016 gjekk det 5,8 milliardar til formåla. Dei same kategoriane har framleis over 90 prosent av inntektene. Idretten fekk i 2016 i overkant av 50 prosent og kulturområdet om lag 15 prosent, medan hestesporten, helseorganisasjonane samt humanitære organisasjonar fekk om lag 10 prosent kvar.

I 2016 satsa nordmenn totalt 40,7 milliardar kroner på dei regulerte pengespela i Norge. Dette er litt over 2,2 milliardar meir enn året før. Gevinstutbetalingane har også auka og 30,6 milliardar kroner gjekk tilbake til spelarane i form av gevinstar.

Netto omsetning, eller det som vart tapt på lotteri- og pengespel, utgjer etter dette 10,1 milliardar og er 391 millionar kroner meir enn året før. Formålets del av nettoomsetninga i 2016 var 58 prosent.

I gjennomsnitt satsa kvar nordmann 7 775 kroner på regulerte pengespel i 2016, ein auke på 359 kroner samanlikna med året før. Når vi trekker ifrå gevinstane har kvar innbyggjar i snitt lagt igjen 1 937 kroner. Dette utgjer 0,7 prosent av husstanden si disponible inntekt. Beløpet som er lagt igjen er 58 kroner meir enn året før.

Norsk Tipping har auke i si omsetning gjennom 2016. Dette skuldast mellom anna auke i omsetning for tal-spela som t.d. Vikinglotto og for dei interaktive online-spela som t.d. kasinospel. Norsk Rikstoto har også hatt ein auke i omsetninga samanlikna med året før. For private spel og lotteri er omsetninga noko redusert for bingospel og spel på skip, medan lotteria har hatt ein liten auke i omsetninga.

*Førde, desember 2017*



*Atle Hamar*  
direktør

# Samandrag

I den norske spel- og lotterimarknaden vart det i 2016 omsett for 40,7 milliardar kroner. Av dette gjekk 30,6 milliardar tilbake til spelarane i form av gevinstar.

Etter at spelarane hadde fått sine gevinstar, låg det igjen 10,1 milliardar kroner til fordeling blant aktørane, operatørar, entreprenørar, lokalinnhavarar, kommisjonærar forutan humanitære og samfunnsnyttige formål.

Rapporten omfattar pengespel og lotteri med løyve frå norske styresmakter. Her er ikkje med tal for omsetning på t.d. utanlandske nettstader eller illegale spel.

Når det gjeld metode for innsamling av data og utrekning av estimat, viser vi til vedlegg bak i rapporten.

## Den norske pengespelmarknaden – nøkkeltal 2016

År 2016	Millionar	
	NOK	EUR <sup>1</sup>
Brutto omsetning (spelt for)	40 709	4 382
Gevinst	30 566	3 290
Netto omsetning (lagt igjen/tap)	10 143	1 092

År 2016	Spelt for		Lagt igjen (etter gevinst)	
	NOK	EUR	NOK	EUR
Per innbyggjar <sup>2</sup>	7 775	837	1 937	209
Per innbyggjar 18 år og eldre	9 912	1 067	2 470	266
Per husstand <sup>3</sup>	17 026	1 833	4 242	457
Prosent av disponibel inntekt <sup>4</sup>	2,97 %		0,74 %	

I gjennomsnitt spelte kvar nordmann (liten som stor) for 7 775 kroner i 2016.

Dette er 359 kroner meir enn i 2015 då satsa beløp per innbyggjar var på 7 416 kroner.

Om vi trekkjer frå gevinstante vil kvar innbyggjar i 2016 ha lagt igjen 1 937 kroner. Av husstanden sine disponible

inntekter utgjer dette 0,7 prosent. Beløpet som er lagt igjen etter gevinstutbetaling er 58 kroner meir enn i 2015 (kr 1 879).

At satsa beløp har auka meir enn det som er lagt igjen heng saman med at det vert spelt meir på spel med høg gevinstprosent.

1 Middelkurs 2016 frå Norges Bank 9,2899


2 Gjennomsnittleg folketal frå SSB, [www.ssb.no](http://www.ssb.no) 1/1-2016 og 1/1-2017.

3 Gjennomsnittleg tal personar i husstanden er 2,19 (SSB).

4 SSB: Disponibel inntekt 2016: 1 371 883 millionar kroner.

## Brutto omsetning i 2016

Den norske pengespelmarknaden – brutto omsetning 2016, totalt kroner 40 709 millioner



I 2016 spelte nordmenn for 40,7 milliardar kroner. Det vart satsa 32 milliardar på Norsk Tipping sine spel, av dette 9,8 milliardar<sup>5</sup> på Multix- og Belago-spel og 7,8 milliardar på dei nettbaserte spela (kasinospel, bingo og skrapespel). På hestesport spelte nordmenn for nær 3,9 milliardar kroner gjennom Norsk Rikstoto.

Bingo og lotteri utgjer den private delen av marknaden. Bingo hadde ei omsetning på nær 4 milliardar, der entreprenørbingoen utgjorde størsteparten, 3,8 milliardar, inkludert sidespel i bingo (elektronisk<sup>6</sup> og papirsidespel). Omsetninga for bingo utan entreprenør vart 116 millionar kroner.

Blant dei andre lotteria er det landslotteria<sup>7</sup> som hadde størst omsetning og 283 millionar. I NM i poker utgjorde deltakaravgifta 19 millionar. For mindre lokale og regionale lotteri<sup>8</sup> estimerer vi omsetninga til 150 millionar kroner.

I 2016 vart det spelt for 395 millionar på norske skip som går i rute mellom norske og utanlandske hamner.

Samla brutto omsetning var 38,5 milliardar kroner i 2015.


5 6 658 millionar kr på Multix og 3 094 millionar på Belago..

6 Databingo.

7 Her inngår Pantelotteriet.

8 Mindre lotteri, såkalla basasar, er ikkje medrekna.

## Den norske pengespelmarknaden 2016, marknadsdelar av brutto omsetning



Totalt 40,7 mrd. kr

Målt etter brutto omsetning hadde Norsk Tipping og Norsk Rikstoto til saman 88 prosent av marknaden.

## Pengepremiar og gevinstar i 2016

Tal i millionar kroner	Brutto omsetning	Gevinst	Netto omsetning	Prosent gevinst
Norsk Tipping	32 029	24 349	7 680	76 %
Norsk Rikstoto	3 881	2 637	1 244	68 %
Bingo med entreprenør	3 836	3 079	757	80 %
Bingo utan entreprenør	116	69	47	59 %
Landslotteri	283	59	225	21 %
Poker NM	19	16	3	84 %
Lokale/regionale lotteri	150	40	110	27 %
Spel på skip	395	318	77	80 %
Totalt	40 709	30 566	10 143	75 %

\*) Omsetning for lokale/regionale lotteri er delvis estimert (sjå vedlegg).


Spelarane vann tilbake totalt 30,6 milliardar kroner av innsatsen på 40,7 milliardar.

I kronebeløp gjekk mest tilbake til spelarane frå Norsk Tipping, Norsk Rikstoto og entreprenørbingo. I prosent gjekk det mest tilbake frå Poker-NM (84 %), spel på skip (80 %), entreprenørbingo (80 %) og Norsk Tipping (76 %).

Lotteri bokfører ofte gevinstkostnad og ikkje verdien på gevinst. Premien kan ha høgare verdi for vinnaren enn det som kjem fram i rekneskapen (m.a. pga. oppnådde rabattar ved kjøp av premiar eller ved at premier er gitt som gåver utan at dette kjem fram i rekneskapen).

## Netto omsetning og fordeling på aktørane i marknaden i 2016

Den norske pengespelmarknaden 2016, marknadssdelar av netto omsetning



Målt etter netto omsetning hadde Norsk Tipping og Norsk Rikstoto til saman 88 prosent av marknaden i 2016.

## Fordeling til formål og administrative kostnader i 2016

Netto omsetning	Mill. kr	Formål		Administrative kostnader	
		Mill. kr	Prosent	Mill. kr	Prosent
Norsk Tipping	7 680	4 852	63 %	2 828	37 %
Norsk Rikstoto	1 244	557	45 %	687	55 %
Bingo med entreprenør	757	183	24 %	574	76 %
Bingo utan entreprenør *	47	37	79 %	10	21 %
Landslotteri	225	92	41 %	132	59 %
Poker-NM	3	1	34 %	2	66 %
Lokale/regionale lotteri *	110	100	91 %	10	9 %
Spel på skip	77	15	20 %	62	80 %
<b>Totalt</b>	<b>10 143</b>	<b>5 837</b>	<b>58 %</b>	<b>4 305</b>	<b>42 %</b>

\*) Estimerte beløp



I overkant av 5,8 milliardar kroner gjekk som inntekt til formåla. Største del av inntektene (4,85 mrd.) kom frå Norsk Tipping sine spel. Her er det også ein forholdsvis stor prosentvis del til formåla av netto omsetning (63 %). Frå Norsk Rikstoto gjekk det 557 millionar til formåla.


Blant dei private spela gjekk det prosentvis mest til formåla frå mindre lokale lotteri og bingo utan entreprenør. For entreprenørbingo og spel på skip utgjorde formåla sine inntekter under 30 prosent av nettoomsetninga.

Frå entreprenørbingo fekk formåla 183 millionar, eller 24 prosent av netto omsetning. Mange av formåla i entreprenørbingo får også inntekt frå Norsk Tipping sine Belago-terminalar. Dette er omtalt i kapitla 3 og 6.

Frå spel på norske skip i rute mellom norsk og utanlandsk hamn fekk formåla 15 millionar.

Den følgjande figuren viser kor mykje av formåla sine inntekter som kom frå dei ulike spel og lotteri.

### Den norske pengespelmarknaden 2016, formåla sine spel- og lotteriinntekter



Dei administrative kostnadene var 11 millionar større i 2016 enn dei var i 2015. Samstundes auka nettoomsetninga med 391 millionar. Formåla har fått 379 millionar meir i 2016 enn i 2015 då formåla fekk 5 458 millionar kroner.

Administrative kostnader<sup>9</sup> i 2016 utgjorde 4,3 milliardar kroner. Dette er operatør, entreprenør og eventuell tredjepart (t.d. lokaleigar og kommisjonær) sin del av inntektene.

Den største delen av kostnaden (2,83 mrd.) skriv seg frå Norsk Tipping, men prosentvis er kostnadsdelen forholdsvis låg her (37 %). Større kostnadsbeløp kom også frå Norsk Rikstoto sine spel (0,69 mrd.) og entreprenørbingo (0,57 mrd.).

<sup>9</sup> Alle kostnader ved eit spel eller lotteri som ikkje er gevinstkostnad.

Kostnader til eventuell tredjepart for sal av spel kan vi synleggjere for Norsk Tipping og Norsk Rikstoto. For andre spel/lotteri har vi ikkje slike tal, men også her kan det vere slike utgifter, t.d. til telemarketing.

Netto omsetning i 2016 og kostnad til 3. part	Netto omsetning Mill. kr	Kostnader til kommisjonær, nettpartner eller lokalinnehavar		Prosent av netto omsetning
		Mill. kr	Mill. kr	
Norsk Tipping	7 680	895		12 %
Norsk Rikstoto	1 244	151		12 %
Totalt	8 924	1046		12 %

Frå spela her gjekk det 1 046 millionar kroner til kommisjonærar, nettpartnerar eller lokalinnehavarar. Dette utgjer 12 % av netto omsetning. I 2015 utgjorde beløpet 1 068 millionar kroner, som tilsvarar 13 % av netto omsetning.

## Formåla sine inntekter fordelt på kategoriar

Fordeling av spel- og lotteriinntekter – 2016	Mill.kr	Prosent	
Idrett	3 013	52 %	*
Kultur (tippenøkkel)	731	13 %	
Musikk/kultur/fritid	212	4 %	*
Hest/hestesport	557	10 %	
Helse	577	10 %	*
Humanitær	531	9 %	*
Diverse	47	0,8 %	*
Uspesifisert og vil inngå i formål ovanfor	166	2,8 %	
Tiltak vedk. uheldig speleåtfærd	6	0,1 %	
Totalt	5 838 <sup>10</sup>	100 %	

\*) I tillegg får formåla delar av 166 millionar som i tabellen er uspesifisert (samla 2,8).

Midlar frå Norsk Tipping blir gjennom tippenøkkelen tildelt gjennom ulike ordningar. Formåla er idrett, kultur, samfunnsnyttige eller humanitære organisasjonar samt helse- og rehabiliteringsformål.

Fordelinga er forankra i Pengespelova § 10. Av overskotet blir det først fordelt 6,4 % til helse- og rehabiliteringsformål.

Av tippenøkkelen og resterande overskot får deretter idretten si tildeling gjennom Kulturdepartementet med 64 % og kulturområdet får 18 %. Dei resterande 18 % går til samfunnsnyttige eller humanitære formål og blir betalt ut på fleire måtar. Det meste blir betalt direkte frå

Lotteritilsynet etter fastsett fordeling. Ein mindre del blir betalt ut av Lotteritilsynet etter søknad til lag og foreiningar som hadde automatinntekter i 2001 og ei anna mindre del blir betalt ut av Lotteritilsynet etter søknad til lag og foreiningar som ikkje hadde automatinntekter i 2001.

Foreiningar med inntekter frå entreprenørbingo får også formålsandelen av Norsk Tipping sine Belago-terminalar.

Grasrotordninga og midlar til tiltak vedkomande uheldig speleåtfærd kjem også frå Norsk Tipping si speleomsetning, og er heller ikkje medrekna i tippenøkkelen.

<sup>10</sup> På grunn av periodisering av opptening og utbetaling av Norsk Tipping's grasrotmidlar er det betalt 0,8 million meir i 2016 enn det som var opptent dette året (448 mill. mot 447 mill.).

### Idrett (3 013 millionar \*)

Her inngår fordeling frå Norsk Tipping over tippenøkkelen med 2 597 mill., 267 millionar frå grasrotordninga, 90 mill. frå entreprenørbingo, 31 millionar frå NT sine Belago-terminalar i bingolokale, 11 millionar frå spel på skip og 14 mill. frå landslotteri. I tillegg inngår 3 millionar frå Norsk Tipping utbetalt av Lotteritilsynet til ein-skilde lag og foreiningar på grunnlag av automat-inntekter i 2001.

Idretten har også inntekt frå foreiningsbingo og lokale lotteri som ikkje er medrekna.

Inntekt frå bingo, lotteri og spel på skip er i mindre grad øyremerkte, og går i større grad til lokale lag som frie midlar (innanfor vedtaksfesta formål).

### Kultur og fritid (942 millionar \*)

Også her er det store inntekter, men det meste til kulturformål kom frå Norsk Tipping. 731 millionar blei fordelt frå tippenøkkelen.

I tillegg er 212 millionar i inntekt frå andre typar spel, lotteri eller ordningar utan at lokale lotteri og bingo utan entreprenør er medrekna. Dette fordeler seg på grasrotmidlar (NT) med 105 mill., entreprenørbingo 43 mill., inntekt frå Belago med 15 millionar, spel på skip 3 mill., landslotteri 4 mill. og tildeling frå Lotteritilsynet på grunnlag av søknad<sup>11</sup> 42 mill. Dette er friare midlar som ikkje er knytt opp mot løyvingar.

### Hest/hestesport (557 millionar)

Dette er inntekter som i si heilheit kom frå Norsk Rikstoto.

### Helse (577 millionar \*)

Her inngår organisasjonar som til dømes Kreftforeninga, Norges Blindforbund og Norges Handikapforbund og ExtraStiftelsen Helse- og Rehabilitering.

Extrastiftelsen fekk 278 millionar frå Norsk Tipping via tippenøkkelen og i tillegg fekk helseorganisasjonar 126 millionar. Vidare kom det 25 mill. frå landslotteri, 37 mill. frå entreprenørbingo, 13 millionar frå Belago, 23 millionar frå grasrotordninga (NT), 74 millionar (NT)

som Lotteritilsynet har betalt ut på grunnlag av søknad<sup>11</sup>, 1 million frå Poker-NM og 0,1 million frå spel på skip.

Inntekt frå lokale lotteri og bingo utan entreprenør er ikkje medrekna.

### Humanitær (531 millionar \*)

Dette er organisasjonar som t.d. Røde Kors, Rednings-selskapet, Norsk Folkehjelp, Flyktninghjelpen og Lions.

Inntektene kom frå Norsk Tipping med 385 millionar, landslotteri med 44 mill., entreprenørbingo med 5 millionar og 2 millionar frå Belago. I tillegg er det rekna med 6 millionar frå Norsk Tippings grasrotmidlar, 88 millionar (NT)<sup>13</sup> fordelt etter søknad og 0,5 million frå spel på skip.

Inntekt frå bingo utan entreprenør og lokale lotteri er ikkje medrekna.

### Diverse organisasjonar (47 millionar \*)

Her inngår religiøse organisasjonar, politiske parti eller andre organisasjonar som ikkje kan plasserast i grupperne framfor.

Inntektene kom frå entreprenørbingo (7 mill.), 2 mill. frå Belago, landslotteri (6 mill.), grasrotmidlar (NT) (19 mill.), spel på skip (0,9 mill.) og 12 millionar (NT)<sup>14</sup> på grunnlag av søknad.

### Tiltak vedkommande uheldig speleåtfærd (6 millionar)<sup>15</sup>

Dette kjem frå Norsk Tipping sitt overskot og bidreg til finansiering av regjeringa sin handlingsplan mot speleproblem. Dei overordna målsettingane i handlingsplanen er å førebygge speleavhengigheit og redusere skadeverknadane frå overdriven speling.

### Uspesifiserte inntekter (166 millionar)

Dette er estimert inntekt frå bingo utan entreprenør (37 mill.), lokale/regionale lotteri (100 mill.) og grasrotmidlar (29 mill.). Vi har ikkje datagrunnlag til å fordele desse inntektene på formåla ovanfor, men i overkant av 25 millionar av dette er inntekt frå bingo for lokalradio og -TV.

11 Her blei 16 mill. utbetalt til lag og foreiningar med automatinntekter i 2001 og 26 mill. til lag og foreiningar utan automatinntekter i 2001.


12 Her blei 18 mill. utbetalt til lag og foreiningar med automatinntekter i 2001 og 56 mill. til lag og foreiningar utan automatinntekter i 2001.

13 Her blei 9 mill. utbetalt til lag og foreiningar med automatinntekter i 2001 og 79 mill. til lag og foreiningar utan automatinntekter i 2001.

14 Her blei 7 mill. utbetalt til lag og foreiningar med automatinntekter i 2001 og 5 mill. til lag og foreiningar utan automatinntekter i 2001.

15 Tiltak i handlingsplan mot speleproblem blir årleg finansiert med 15 millionar kroner. I ein 10 års-periode er det opparbeidd så mykje ubrukte midlar at det i år ikkje var behov for meir enn 6 millionar frå NT sitt overskot.

## Den norske pengespelmarknaden 2016, inntekt til formål fordelt på ulike kategoriar



Totalt 5,8 mrd. kr

## Endring frå år 2015

Formåla fekk for 2016 tilført 379 millionar meir enn året før.

Fordeling av spel- og lotteriinntekter	2015	2016	Endring	
	Mill. kr	Mill. kr	Mill. kr	Prosent
Idrett	2 804	3 013	209	7 %
Kultur	681	731	49	7 %
Musikk/kultur/fritid	183	212	29	16 %
Hest/hestesport	550	557	7	1 %
Helse	515	577	61	12 %
Humanitær	510	531	20	4 %
Diverse	52	47	-5	-9 %
Uspesifisert og vil inngå i formål ovanfor	148	166	18	12 %
Tiltak vedk. speleavhengigheit <sup>16</sup>	15	6	-9	-60 %
<b>Totalt</b>	<b>5 459</b>	<b>5 838</b>	<b>379</b>	<b>7 %</b>

<sup>16</sup> Tiltak i handlingsplan mot speleproblem blir årleg finansiert med 15 millionar kroner. I ein 10 års-periode er det opparbeidd så mykje ubrukte midlar at det i år ikkje var behov for meir enn 6 millionar frå NT sitt overskot.

# Endring i omsetning

## Den norske pengespelmarknaden totalt

Tal i millionar kroner	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	Endring 2015–2016
Brutto omsetning (spelt for)	24 751	26 838	28 660	30 915	35 852	38 490	40 709	6 %
Netto omsetning (lagt igjen / tap)	8 646	8 907	9 067	9 012	9 288	9 752	10 143	4 %

Omsetninga er auka med 6 % for brutto og 4 % for netto omsetning.

### Norsk Tipping

(inkl Extra<sup>17</sup>)

Tal i millionar kroner	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	Endring 2015–2016
Brutto omsetning	14 750	16 214	19 245	21 641	26 911	29 742	32 029	8 %
Netto omsetning	5 588	5 807	6 302	6 361	6 727	7 234	7 680	6 %

Brutto omsetning i 2016 auka med 8 % samanlikna med året før. Netto omsetning (etter premie-utbetaling) auka med 6 %.

### Norsk Rikstoto

Tal i millionar kroner	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	Endring 2015–2016
Brutto omsetning	3 667	3 813	3 879	3 775	3 649	3 728	3 881	4 %
Netto omsetning	1 205	1 256	1 267	1 224	1 183	1 199	1 244	4 %

Norsk Rikstoto si omsetning er auka med 4 % gjennom 2016.

### Entreprenørbingo

Tal i millionar kroner	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	Endring 2015–2016
Brutto omsetning	5 152	5 812	4 538	4 502	4 332	4 078	3 836	- 6 %
Netto omsetning	1 281	1 346	1 016	957	925	868	757	- 13 %

Omsetning i entreprenørbingo er redusert gjennom 2016. Pga. av ulike måtar å berekne netto omsetning i 2015 og 2016 er ikkje reell reduksjon så stor som det som viser her.

<sup>17</sup> Fram til 2015 var spelet Extra presentert for seg. Extra er frå 2016 ein del av Norsk Tipping sin ordinære spelportefølje. Omsetningstal for Extra er her medrekna i tal frå 2010 til og med 2015.

Landslotteri								Endring
Tal i millionar kroner	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2015–2016
Brutto omsetning	383	291	292	288	272	269	283	5 %
Netto omsetning	312	251	241	236	222	219	225	3 %

Landslotterier, inklusiv Pantelotteriet har totalt hatt ein auke på 5 % brutto og 3 % netto.

## Andre spel/lotteri

### Poker-NM

Tal i millionar kroner	2015	2016
Brutto omsetning	16	19
Netto omsetning	2	3

Poker-NM vart arrangert for første gang i Norge i 2015. Deltakaravgift i 2016 vart totalt 18,7 millionar kroner. Dette utgjør ein vekst på 18 % frå 2015.

Omsetning for bingo utan entreprenør er rapporterte tall i Lotteriregisteret. Omsetning for lokale/regionale lotteri er estimert av Lotteritilsynet.

Bingo utan entreprenør	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016
Tal løyve:	460	380	350	340	260	250	250
Lotteritilsynet omsetning <sup>18</sup> (brutto omsetning, tal i millionar kroner)	210	160	145	140	115	116	116

Totalt syner tal frå Lotteriregisteret stabile tal på lag som arrangerer bingo utan entreprenør.

Lokale / regionale lotteri	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016
Tal meldingar motteke	2 420	2 540	2 350	2 210	2 250	2 300	2 380
Tal løyve gitt:	90	80	80	70	70	60	60
Estimert omsetning <sup>19</sup> (brutto omsetning, tal i millionar kroner)	120	130	130	110	120	130	150

Frå tal meldingar, løyve og rekneskap har vi estimert ein liten vekst i omsetning for 2016.

Spel på skip								Endring
Tal i millionar kroner	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2015–2016
Brutto omsetning	469	413	431	459	453	412	395	- 4 %
Netto omsetning	90	85	86	90	87	80	77	- 4 %

Omsetninga vart redusert med 4 % samanlikna med 2015.


<sup>18</sup> Estimert omsetning til og med 2014, reelle tall frå 2015.

<sup>19</sup> Estimert omsetning avrunda til næraste 10 mill. (sjå vedlegg for berekningsmåte).

# Norsk Tipping AS

Norsk Tipping AS (NT) har fleire spel i sin portefølje. Samla brutto omsetning (før gevinstutbetaling) var 32 milliardar kroner i 2016.

## Brutto omsetning Norsk Tipping AS år 2016, total 32 029 millionar kroner



Brutto omsetning fordelt på type spel		Mill. kr	Prosent
Talspel:	Lotto, Viking Lotto, Joker, Eurojackpot, Keno, Nabolaget og Extra	10 039	27 %
Sportsspel:	Tipping	529	2 %
	Odds <sup>20</sup>	1 704	5 %
	Liveodds <sup>21</sup>	1 060	3 %
Skrapelodd:	Flax (papir)	1 103	3 %
Terminalspel:	Multix og Belago	9 752	30 %
Instaspill:	Flax, Bingoria og KongKasino	7 842	24 %
Total brutto omsetning		32 029	100 %

<sup>20</sup> Her inngår Langoddsen, Oddsbomben og Vinneroddsen.

<sup>21</sup> Liveodds og Instaspill kan berre spelast online (web og mobil).

Omsetning og gevinst - i millionar kroner	Talspel	Sports- spel	Skrape- lodd (papir)	Terminal- spel (Multix og Belago) <sup>22</sup>	Instaspill	Totalt
Total brutto omsetning	10 039	3 293	1 103	9 752	7 842	32 029
Totalt til gevinst	5 018	2 403	634	8 978	7 316	24 349
Total netto omsetning	5 021	890	469	773	526	7 680
Gevinstprosent	50 %	73 %	57 %	92 %	93 %	76 %

Totalt gjekk 76 prosent tilbake til spelar som gevinst. 24 prosent gjekk til fordeling mellom Norsk Tipping, kommisjonærar og formål.

Lågast gevinstdel har talspel og skrapelodd med høvesvis 50 og 57 prosent.

Sportsspel har ein samla gevinstdel på 73 prosent der Liveoddsen har høgaste prosent (84 %). Dei andre odds-spela hadde ein samla gevinstdel på 72 prosent<sup>23</sup>. For den tradisjonelle tippekupongen er gevinstprosenten 54.

Høgaste gevinstprosent har terminalspela med 92 prosent og Instaspill med 93 prosent.

Ein kan delta i Norsk Tipping sine spel via kommisjonær i butikk / kiosk eller via Internett. Talet kommisjonærar var 3 671 den 31. desember 2016. Spel via Internett skjer både via PC og mobil, men og via nettbrett.

Det meste av omsetninga gjekk gjennom kommisjonær-nettet (8 285 mill.<sup>24</sup>, og i tillegg 9 752 mill. på spel på terminalar (Multix og Belago)). Vidare spelte nordmenn for 13 992 millionar over Internett og mobil. 2 505 mill. på sportsspel, 3 646 mill. på talspel (som Lotto og Extra). På Instaspill der det berre kan spelast over Internett og mobil blei det satsa totalt 7 842 millionar kroner.

<sup>22</sup> Multix: Brutto 6 658 mill og netto 522 mill. Belago: Brutto 3 094 mill og netto 252 mill.

<sup>23</sup> Langoddsen 72 %. Vinneroddsen og Oddsbomben har fast gevinstprosent på høvesvis 65 % og 60 %.

<sup>24</sup> Av dette utgjer *Spill i kasse* 472 millionar. Dette er ferdig utfylte spelekupongar (talspel) som blir selt over disk i daglegvareforretningar.



## Netto omsetning og fordeling på aktørane

Etter gevinstutbetaling var netto omsetning 7 680 millionar kroner.

Fordeling av netto omsetning	Mill. kr	Prosent
Til formål	4 852,0	63 %
Til Norsk Tipping AS	1 932,9	25 %
Til kommisjonær (inkl. nettpartnerar)	895,0	12 %
Sum = netto omsetning	7 679,9	100 %

Til formåla gjekk det 4 852 millionar kroner eller 63 prosent av netto omsetning. I 2015 var prosenten til formål 62, som då utgjorde 4 484 millionar.

447 millionar kroner til mottakarar under ordninga med Grasrotandelen. I beløpet inngår også 6 mill. til tiltak vedkomande uheldig speleåtfærd.

Frå 2016-overskotet vart 4 336 millionar utbetalt over tippenøkkelen. Det er i tillegg rekna med 63 mill. frå Belago-terminalene som formålsinntekt i bingo og

Det meste av overskotet frå Norsk Tipping si omsetning i 2016 blir utbetalt til formål i 2017.

Andre nøkkeltal for Norsk Tipping	Mill. kr
NT sin del av inntekt frå eigne spel og Extra (til NT's drift)	1 933
NT sine samla netto kostnader <sup>25</sup>	1 783
Midlar som er haldne tilbake i NT	150

## Fordeling til overskotsformål – Tippetnøkkelen <sup>26 27</sup>

Frå fordeling frå 2016 – overskotet gjekk 2 597,3 millionar kroner til idrettsformål. 730,5 mill. til kulturformål og 730,5 mill. til samfunnsnyttige eller humanitære organisasjonar. 277,5 millionar kroner gjekk til helse- og rehabiliteringsformål (ExtraStiftelsen).

Blant kulturformål fekk *Den kulturelle skolesekken* 270 mill., *Kulturbygg* 47 mill. og *Frifondordningen* 199 mill.

Fordelinga til idretten er synleggjort i tabellen under<sup>28</sup>.

25 Samla netto kostnader: Alle kostnader, men utan provisjon. Korrigerert for netto inntekt av finansielle postar og andre inntekter/kostnader som ikkje er spesifikt relaterte til Norsk Tipping sine spel. Grasrotandel er ikkje rekna med her.

26 Kulturdepartementet: Prop. 1 S (2017-2018) «Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)», side 121 til 126.

27 Pressemelding frå Kulturdepartementet 6. april 2017.


28 Kulturdepartementet, beløp er avrunda.

## Tal i millionar kroner

Idrettsanlegg	1 439,5
Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité	684,0
Tilskot til lokale lag og foreiningar	337,0
Spesielle aktivitetar	93,2
Forskings- og utviklingsarbeid	27,6
Nasjonalanlegg / spesielle anlegg	16,1
<b>Totalt</b>	<b>2 597,3</b>

Mykje av idretten sine spelemidlar gjekk til idrettsanlegg og til Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité (hhv. 55 % og 26 %). Diagrammet under viser prosentvis fordeling.

## Prosentvis fordeling av idretten sine spelemidlar år 2016



Totalt 2 597 mill. kr

Totalt fekk samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar 730,5 millionar.

Det meste (564,9 millionar) vart betalt ut som kompensasjon til organisasjonar som hadde automatinntekter i 2001. Det resterande (165,6 millionar) vart betalt ut i ei overgangsordning til organisasjonar som ikkje hadde automatinntekter i 2001.

Til organisasjonar med automatinntekt i 2001	Frå Norsk Tipping sitt overskot 2016
10 H	511,1 mill
Andre organisasjonar	53,8 mill
Utbetalt	564,9 mill
Overført og utbetalt etter overgangsordning <sup>29</sup>	165,6 mill
<b>Totalt</b>	<b>730,5 mill</b>

10 organisasjonar som utgjer 10 H fekk totalt utbetalt 511 millionar. For 5 humanitære organisasjonar utgjer dette i alt kroner 385 millionar. For 5 helseorganisasjonar 126 millionar.

	Millionar		Millionar
Norges Røde Kors	215,2	Kreftforeningen	69,0
Redningsselskapet	132,5	Norges Handikapforbund	20,3
Norsk Folkehjelp	16,0	Norges Blindforbund	18,5
Redd Barna	11,1	Landsf. for hjerte og lungesyke	11,7
Flyktninghjelpen	9,9	Nasjonalforeningen for folkehelsen	6,8

375 andre lag og foreiningar som før hadde automatinntekter har etter søknad til Lotteritilsynet fått tildelt totalt 53,8 millionar kroner (ved denne tildelinga har vi innvilga 10 færre søknadar enn året før). Dette er fordelt på følgjande kategoriar av lag og foreiningar:

	Tal foreiningar	Totalt tildelt
Idrett	37	2,9 mill.kr.
Helse	69	18,2 mill.kr.
Musikk/kultur/fritid	209	16,3 mill.kr.
Humanitær	41	9,3 mill.kr.
Diverse	19	7,0 mill.kr.
<b>Total</b>	<b>375</b>	<b>53,8 mill.kr.</b>

29 Jf. Forskrift om tilskudd til samfunnsnyttige og humanitære organisasjoner fra spilleoverskuddet til Norsk Tipping § 6b.

## Utbetaling etter overgangsordning:

Organisasjonar som ikkje hadde automatinntekter i 2001 kunne i 2016, for tredje gong, søke midlar frå tippenøkkelen. Totalt betalte Lotteritilsynet ut 165,6 millionar kroner etter eiga søknadsordning.

44 landsdekkande organisasjonar<sup>30</sup> har etter søknad fått tildelt midlar etter overgangsordninga i 2017.

	Tal foreiningar	Totalt tildelt
Helse	34	56,2 mill
Musikk/kultur/fritid	3	25,6 mill
Humanitær	4	78,6 mill
Diverse	3	5,2 mill
Total <sup>31</sup>	44	165,6 mill

<sup>30</sup> Sjå vedlegg for namn på organisasjonane og fordeling.

<sup>31</sup> I beløpet inngår 0,7 millionar betalt ut som følgje av klage på 2016-tildelinga.

## Grasrotandelen

Frå Norsk Tipping si speleomsetning i 2016 har det gått 448 millionar<sup>32</sup> til i overkant av 26 700 lokale lag og foreiningar. Inntil 5 prosent av innsatsen som blir satsa i spel kan gå til foreiningar som Norsk Tipping sine spelarar

sjølv bestemmer at pengane skal gå til. Ein føresetnad for å få midlar frå ordninga er at laget er registrert i Frivillighetsregisteret, og at spelar har registrert eit lag som mottakar av grasrotmidlar.

Kategori i Frivilligregisteret (ICNPO)	Lotteritilsynet si kategorisering	Utbetalte grasrotmidlar i 2016-kroner	Tal foreiningar
Idrett	Idrett	267 083 817	8 038
Kultur og kunst	Musikk/kultur/fritid	40 948 705	5 444
Rekreasjon og sosiale foreiningar	Musikk/kultur/fritid	35 620 458	5 072
Interesseorganisasjonar	Helse	22 512 461	2 291
Sosiale tenester	- fleire kategoriar	16 370 065	824
Barne- og ungdomsorganisasjonar	Musikk/kultur/fritid	15 145 627	1 245
Dyrevern	Diverse	14 506 698	104
Lokalsamfunnsutvikling	Musikk/kultur/fritid	12 364 098	1 796
Andre helsetenester	- fleire kategoriar	6 402 471	429
Internasjonale aktivitetar	Humanitær	4 713 900	222
Tros- og livssynsorganisasjonar	Diverse	2 902 116	447
Krisehjelp og støttarbeid	- fleire kategoriar	2 698 280	163
Økonomisk og materiell støtte	- fleire kategoriar	1 798 225	101
Mangfald og inkludering	- fleire kategoriar	1 560 565	170
Pengeutdelande stiftelsar	Humanitær	1 204 196	9
Frivillighetssentraler	Musikk/kultur/fritid	698 142	78
Natur- og miljøvern	Diverse	683 452	139
Andre	Diverse	246 533	15
Politiske organisasjonar	Diverse	175 393	54
Bustad – og lokalmiljø	Diverse	80 014	32
Yrkessamanslutningar	Diverse	61 587	13
Sjukeheimar	Helse	53 998	2
Sjukehus og rehabilitering	Helse	51 916	4
Grunn og vidaregåande utdanning	Diverse	39 413	5
Anna utdanning	Diverse	35 748	9
Forsking og utvikling	Diverse	32 246	6
Juridisk rådgiving	Diverse	28 216	2
Arbeidsopplæring	Diverse	9 207	1
Arbeidstakarorganisasjonar	Diverse	2 258	6
Næringslivs- og arbeidsgivarorganisasjonar	Diverse	262	1
<b>Total</b>		<b>448 030 068</b>	<b>26 722</b>

32 På grunn av periodisering av opptening og utbetaling er det betalt ut i alt 448,03 millionar der ein liten del skriv seg frå tidlegare omsetning. Mellom anna mottok ikkje organisasjonar midlar før opptent beløp har nådd ein viss storleik.

I høve til Lotteritilsynet si kategorisering av formål kan fordelinga visast slik:

Grasrotandel 2016	Mill. kr.	Prosent
Idrett	267	60 %
Helse	23	5 %
Musikk/kultur/fritid	105	23 %
Humanitær	6	1 %
Diverse	19	4 %
Fleire kategoriar (oftast Humanitær eller Helse)	29	6 %
<b>Totalt</b>	<b>448</b>	<b>100 %</b>

Største delen av grasrotmidlane, 60 prosent, har i 2016 gått til idrettslag. Også organisasjonar innan Musikk/kultur/fritid har fått ein forholdsvis stor del. Helse – og humanitære organisasjonar inngår ofte i gruppa som

her er nemnt som *Fleire kategoriar*. Dermed er deira del av ordninga noko større enn det som kjem fram blant dei fem første kategoriane.

## Formålsinntekter frå Belago

Overskotet frå Belago-terminalar går til lag og foreiningar som er formålsmottakarar i dei bingo-hallane der terminalane er utplassert.

For 2016 gjekk det frå desse terminalane 62,8 millionar til formål. Mottakarane av overskotet får ein fast prosent av netto omsetning på Belago-terminalene (25 % av 252 millionar i 2016). Beløpet blir betalt ut gjennom bingo-entreprenørane. Basert på kategorisering av ICNPO koder<sup>33</sup> (som for grasrotandelen) viser Lotteritilsynet korleis dette fordeler ser på fem kategoriar av lag og foreiningar.

Belago	Millionar
Idrett	30,9
Helse	12,6
Musikk/kultur/fritid	15,3
Humanitær	2,2
Diverse	1,9
<b>Totalt</b>	<b>62,8</b>

## ExtraStiftelsen

Overskot for 2016 vart fordelt i 2017 gjennom tippnøkkelen, og ExtraStiftelsen mottok 277,5 millionar av Norsk Tipping sitt overskot.

<sup>33</sup> 457 lag og foreiningar med totalt 9,3 millionar i inntekt frå Belago er ikkje registrert med ICNPO kode eller har kode som omfattar fleire kategoriar, også desse er her fordelt på dei fem kategoriane.

## Fordeling til formål frå ExtraStiftelsen Helse og Rehabilitering


ExtraStiftelsen Helse og Rehabilitering fordeler overskotet frå Norsk Tipping til ei rekkje organisasjonar. Frivillige helseorganisasjonar kan søkje om midlar. Midlar blir fordelt til prosjekt vurdert ut frå faglege kvalitetskrav og relevans i høve til stiftelsen sine retningslinjer. Frå speleoverskotet i 2016 delte stiftelsen ut 189,6 millionar fordelt på 353 prosjekt.

I tillegg har Extrastiftelsen sine medlemsorganisasjonar motteke nær 10 millionar kroner gjennom ei ny ordning kalla *ExtraExpress*<sup>34</sup>.

Fordeling til formål <sup>35</sup> eksklusiv ExtraExpress	Mill. kr	Prosent
Førebygging /Rehabilitering	37,7	22,8 %
Helse	54,5	32,9 %
Forskning	73,4	44,3 %
Sum	165,6	100,0 %
Adm.tilskot til mottakarorganisasjon	24,0	
Totalt	189,6	

Diagramma under viser korleis prosjektmidlane som stiftelsen delte ut frå 2016-overskotet fordeler seg på aldersgrupper og helseområde.

### Prosjektmidlar frå Extrastiftelsen fordelt på aldersgrupper 2016




Totalt 166 mill. kr

<sup>34</sup> ExtraExpress: Ei ny ordning for stiftelsen sine medlemsorganisasjonar der det kan tildelast opptil kr 30 000, per søknad. Det er to utlysingar per år.

<sup>35</sup> Helse: Ordning som erstattar dei tidlegare førebyggings- og rehabiliteringsordningane. To utlysingar per år.

Forskning: Ordning som tildeler midlar til forskingsprosjekt. Ei utlysing per år.

## Prosjektmidler fra Extrastiftelsen fordelt på helseområde i 2016




Totalt 166 mill. kr



